

ÅRSMELDING 2004

Trygderetten



§



Innhold:

1. Leiaren i Trygderetten sin rapport for 2004	4
2. Organisasjon.....	6
3. Formål og hovudprioriteringar	7
4. Saksutvikling i 2004	8
5. Vurdering av måloppnåing i 2004.....	12
6. Jamstilling	16
7. Kvalitetsutvikling i Trygderetten	17
8. Blikk på saksbunken	19
9. Økonomi/rekneskap	29

Leiaren i Trygderetten sin rapport for 2004

Det er med vemod eg i mars 2005 skriv desse orda til årsmeldinga for 2004. For halvannan månad sidan, den 16. januar 2005, gjekk den avhaldne og respekterte leiaren i Trygderetten bort etter å ha falle om i skiløypa. Per Knudsen let etter seg ei veldriven verksemd, der vi alle er opptekne av at Trygderetten skal halde fram i dei spora han staka ut. Det vil seie at vi må fokusere på rettstryggleik i vidaste meining og vere opne for nye oppgåver.

I 2004 var det ei klar nedbygging av talet på restansar. Talet på saker som venta på å bli behandla, gjekk markert ned med knapt 500 saker. Reduksjonen kom dels av at talet på innkomne saker gjekk ned, dels av at produksjonen var høgare, enda litt høgare enn i 2003. Samtidig som produksjonen var høg, auka Trygderetten delen av fullstendig grunngitte orskurdar (rettsavgjerder) til om lag 50 prosent i 2004. Dette, saman med at ein frå 1. januar 2004 i det minste skal grunnigi alle saker på ein forenkla måte, tilseier at Trygderettens avgjerder blir klart betre.

Saksbehandlingstida var om lag den same i 2004 som i 2003, dvs. vel fem månader. Ingen saker var over 12 månader gamle ved utgangen av året. Det var framleis eit stykke att til målet om at 70 prosent av sakene skal vere avgjorde innan seks månader. Dette heng i høg grad saman med at delen av fullt grunngitte rettsavgjerder auka relativt mykje i løpet av året.

Den gunstprosenten Trygderetten har gitt opp for dei einskilde åra, har variert ein del. I 2004 var han litt høgare enn i 2003. I denne samanhengen vil Trygderetten heretter gi opp kor stor prosentdel av dei påanka vedtaka som er


blitt heilt eller delvis omgjorde, og kor stor prosentdel som er blitt oppheva og heimsende til ny behandling i forvaltninga. Statistikkssystemet rubriserer begge desse kategoriane inn under gunstprosenten. I vel 10 prosent av sakene vart resultatet oppheving, ofte fordi retten fann at saka var for dårleg opplyst. I slike saker er det ikkje avklart kva det endelege resultatet av anken blir. Den reelle gunstprosenten i Trygderettens avgjerder var vel 14 prosent i 2004.

Det er blitt avsagt fleire retningsgivande orskurdar i 2004 enn året før. Trygderetten har elles gjort ei mindre undersøking av kostnadsnivået i saker der det er innvilga fri rettshjelp for å sjå om timetalet varierer i saker som er tilnærma like. Eit prøveprosjekt med munnleg behandling av einskilde saker i Trygderetten vart starta hausten 2004. Det blir evaluert første halvår 2005. Etter oppdrag frå Trygderetten er det gjort ei undersøking av årsaker til at ein gjer om saker som gjeld uførepensjon. Ho var stort sett ferdig i 2004, men vart først endeleg levert til oss i februar 2005. Samla sett fekk Trygderetten gjennomført mange kvalitetsforbetrande tiltak i 2004, samtidig som vi hadde svært høg produksjon av saker.

Trygderettens hovudutfordring for 2005 blir særleg ei ytterlegare forbetring av kvaliteten på vårt samla produkt i form av orskurdar. Det tilseier ein høg del fullt grunngitte orskurdar og solide tilleggsmerknader i forenkla grunngitte orskurdar. Samtidig vil vi leggje sterk vekt på retningsgivande orskurdar, ikkje minst på område der det trengst avklaring av praksis. Det er framleis svært viktig å sikre konsistent praksis i Trygderetten på dei ymse saks-



Trygderettens leiar (konst.) Jon Evang



områda, og vi set derfor i verk ulike tiltak for å koordinere praksis.

I 2005 står vi overfor store endringar innan velferdsforvaltninga.

Trygderetten ser det som ei stor og utfordrande oppgåve å vere med å utvikle vidare og forbetre ordningane for over-

prøving av avgjerder på velferdsområdet. Trygderetten har ein organisasjon som er basert på tverrfagleg, effektiv og rettssikker behandling av slike saker.

Som det vart sagt i årsmeldinga for 2003, er vi kompetente og budde på å møte nye utfordringar og oppgåver.

2. Organisasjon

Faste medarbeidarar pr. 01.03.2005



Det vart etablert ny organisasjon pr. 1. september 1997 med inndeling i avdelingar og ein pårekna stillingsplan på 63 årsverk. Vi gjennomførte organisasjonsplanen gradvis i løpet av 1998, og han vart teken fullt ut i bruk i 1999. På grunn av at saksinngangen har auka sterkt dei siste åra, har talet på årsverk auka noko. Det utgjorde pr. desember 2004 om lag 70 årsverk når vi reknar med dei som arbeider på pensjonistvilkår. Dei sistnemnde er ikkje tekne med i organisasjonskartet ovanfor.

Trygderetten har no ein leiar, ein nestleiar og 26 andre faste medlemmer.

I tillegg har han 15 rettsfullmektigar. Leiaren, nestleiaren og minst eitt anna medlem skal fylle vilkåra for å vere høgsterettsdommarar. Rettsmedlemmene er embetsmenn og blir til vanleg kalla trygderettsdommarar. Trygderetten har juridiske, medisinske og attføringskunnige rettsmedlemmer. Rettsfullmektigane svarer til dommarfullmektigane i dei vanlege domstolane.

Trygderetten har administrative oppgåver for to mindre nemnder, Statens helsepersonellnemnd og Dispensasjons- og klagenemnda for behandling i utlandet.



3. Formål og hovudprioriteringar

Trygderetten skal gjere vedtak om individuelle rettar og plikter etter lov om folketrygd og andre lover. Elles skal Trygderetten behandle dei sakene som etter særlege lovreglar høyrer inn under han, sjå lov om anke til Trygderetten av 16. desember 1966 nr. 9.

Trygderetten er ikkje ein del av det allmenne domstolsapparatet, men fungerer i realiteten som ein domstol. Mange av reglane for saksbehandling er dei same som for vanleg rettargang. I avgjerda av ei einskild sak kan ikkje Trygderetten instruerast av noko anna organ. Lagmannsretten skal som første organ behandle Trygderettens avgjerder dersom det blir domstolsbehandling. Overprøving av dette slaget er sjeldan, sjølv om det har vore ein auke dei siste åra. Trygderetten er dermed i all hovudsak siste instans for saker etter pensjons- og trygdelovene. Dette er saker som har mykje å seie for velferden til den einskilde. I sosialpolitisk samanheng er Trygderetten derfor ein svært viktig institusjon.

I St.prp. nr. 1 2003-2004 er hovudmåla til Trygderetten skisserte slik:

- Behandle og avgjere saker som kjem inn på ein slik måte at vilkåra i lov om anke til Trygderetten blir oppfylte
- Ta rette avgjerder, slik at orskurdane er i samsvar med dei lovene og reglane som gjeld
- Avgjere sakene innan "rimeleg tid"
- Avseie orskurdar som er retningsgivande for trygdeforvaltninga og andre brukarar av lovverk og reglar innanfor trygde- og pensjonsrett
- Behandle og avgjere sakene på ein slik måte at det gir tillit

Tildelingsbrevet frå departementet og Trygderettens interne verksemdsplan konkretiserer måla ytterlegare.

Årsmeldinga gir ei vurdering av dei måla som er oppnådde i høve til krava frå departementet. Der finn ein og opplysningar om hovudmål og eit utval delmål frå verksemdsplanen.

Rette avgjerder innan rimeleg tid


4. Saksutvikling i 2004

4.1. Talet på mottekne og behandla saker i perioden 1997-2004

Det har vore ein sterk auke i saksinngangen frå 1998. Vi fekk ein førebels topp i 2001 med over 6 000 saker. I 2002 flata saksinngangen ut og gjekk litt ned, mens vi i 2003 igjen fekk ein auke. I 2004 avtok talet og enda på 5 280 saker. Nedgangen gjeld i det alt vesentlege uføresaker. Vi reknar med at årsaka til nedgangen er innføringa av tidsavgrensa uførestønad frå 1. januar 2004 og det høvet ein har til å klage ein gong til Trygdeetaten før ein eventuelt ankar til Trygderetten. Talet på medarbeidarar har ikkje på nokon måte auka i takt med auken i talet på innkomne saker. Det er derfor snakk om ein betydeleg vekst av produksjonen i perioden.

På slutten av året hadde Trygderetten liggjande 1 902 ubehandla saker, mot 2 392 ved utgangen av 2003. Talet på restansar har med andre ord blitt redusert med om lag 500 i løpet av 2004. Årsaka er færre nye saker, men og at saksproduksjonen har vore nær den største som er registrert i Trygderettens historie. Som i tidlegare år har det og i 2004 vore eit særleg mål å ha ein stor del grunngitte orskurdar. Arbeidet med

Mottekne og behandla saker



orskurdar der det er full grunngeving, er naturleg nok meir tidkrevjande enn orskurdar utan slik grunngeving. Det er derfor naturleg at gjennomsnittleg saksbehandlingsstid har auka noko. Trygderettens gjennomsnittlege saksbehandlingstid for avgjorde saker har stige med om lag ei veke frå 2003 til 2004, og var i 2004 fem månader og ei veke. Jamfør i det følgjande om auken av grunngitte orskurdar.

I 2004 avsa Trygderetten 5 730 orskurdar.

Trygderetten fekk i 2004 inn til saman 5 280 saker. Det er ein auke på 62 prosent frå 1997.

Mottekne saker	5 280
Behandla saker	5 730
Restansar	1 902


4.2. Oversyn over sakstypar i 2004

Saker som gjeld uførepensjon, utgjorde i 2004 om lag 43 prosent av den totale saksmengda og er det klart største området. Dette er likevel lågare enn åra før, da området utgjorde 50 prosent av dei innkomne sakene. Årsaka til nedgangen er lovendringa frå 1. januar 2004 som innførte tidsavgrensa uførestønad med høve til å klage ein gong til Trygdeetaten før ein eventuelt ankar til Trygderetten. Talet på saker som gjeld ytingar under medisinsk rehabilitering, dvs. rehabiliteringspengar, tekniske hjelpemiddel og bilar, har auka ein del dei siste åra og er den neststørste gruppa med 11,4 prosent av totalen. Deretter kjem yrkesskade/yrkessjukdom med 10,6 prosent av den totale saksinngangen.

4.3. Produktivitetsutvikling

Trygderetten behandla i 2004 mange fleire saker enn på slutten av 1990-talet. I 1998 vart det avsagt om lag 4 000 orskurdar mot over 5 700 i 2004. Auken svarer til om lag 42 prosent. I det same tidsrommet har talet på årsverk auka frå 63 til om lag 70. Det svarer til 11 prosent. Det har med andre ord vore ein sterk vekst i produktiviteten i perioden.

Mottakne saker 2003-2004 – fordelt på sakstype



Kostnaden for behandling av ei sak i Trygderetten er om lag 8 300 kroner. Det må karakteriserast som lågt samanlikna med dei ordinære domstolane og andre domstolsliknande organ i Noreg.


Sterk produktivetsvekst i perioden 1998 – 2004. Kvar sak kostar samfunnet om lag 8 300 kroner.

4.4. Avgjorde saker fordelt på grunngitte orskurdar, orskurdar utan grunngiving og orskurdar med forenkla grunngiving i perioden 1996-2002

Hovudregelen i lova er at Trygderettens orskurdar skal grunngivast. Det var inntil 1. januar 2004 lovheimel for at retten kan la vere å grunngi ei avgjerd dersom han einstemmig finn at anken ikkje kan føre fram, og dessutan reknar med at orskurden ikkje får noko å seie for avgjerdene i andre saker. I praksis vart det i alle slike saker gitt ein kort merknad om kva retten hadde lagt vekt på i si avgjerd. Frå same dato er denne regelen oppheva og erstatta med ein heimel for å avseie forenkla orskurd. Dermed skal alle saker grunngivast, anten i form av orskurd med forenkla grunngiving eller orskurd med full grunngiving. Alle saker som blir avgjorde til gunst for den ankande parten, skal ha full grunngiving.

Talet på orskurdar med full grunngiving har auka sterkt dei siste åra, og i 2004 fekk nesten 50 prosent av orskurdane full grunngiving.

Fordeling på type orskurd



Stor auke i talet på orskurdar med full grunngiving – frå 28 prosent i 2001 til omlag 50 prosent i 2004.

4.5. Resultat av ankebehandlninga

Til og med 2003 opererte Trygderetten med omgrepet "gunstprosent". Med dette meinte ein den prosentdelen av sakene som blir heilt omgjorde, delvis omgjorde og oppheva og heimsende for ny behandling.


For å få eit mest mogeleg rett bilete av resultatet av ankebehandlninga har vi frå 2004 valt å presentere tal både over delen av saker med heil/delvis omgjering og delen som er oppheva og heimsend for ny behandling i forvaltninga.

Mellom dei ulike saksområda varierer gunstprosenten mykje. Som eit eksempel kan vi nemne at i uførepensjonssaker, som er det klart største området, vart 15,8 prosent av sakene omgjorde. Det er ein oppgang på drygt 2,6 prosentpoeng samanlikna med 2003. 11,6 prosent av yrkesskadesaker, 8,9 prosent av saker som gjeld ytingar under medisinsk rehabilitering og berre 6,9 prosent av saker som gjeld helse-tenester, vart omgjorde i 2004.

Saker som Trygderetten avgjer til gunst for den ankande parten, kan berre avgjerast med fullt grunngitt orskurd.

Den delen av sakene som vart omgjorde heilt eller delvis, utgjorde i 2004 14,3 prosent. Den delen av sakene som vart oppheva og heimsende til ny behandling, utgjorde 10,1 prosent.

Resultatet av ankebehandlninga



14,3 prosent av sakene vart heilt eller delvis omgjorde i 2004. 10,1 prosent vart oppheva og heimsende til ny behandling

5. Vurdering av måloppnåing i 2004

5.1 Kvalitetsmål

Sentrale kvalitetsmål i 2004 har vore knytte til

- delen av orskurdar med full grunngeving
- å avseie retningsgivande og prinsipielle orskurdar
- kvalitetssikring og koordinering av praksis
- å prøve ut ulike former for munnleg saksbehandling

Frå 1. januar 2004 vart som tidlegare nemnt trygderettslova paragraf 21 tredje ledd endra - frå ein heimel for å avseie orskurd *utan grunngeving* til ein heimel som krev orskurd med *forenkla grunngeving*. Dette inneber ei lovfesting av Trygderettens praksis det siste halvanna året. I denne tida gav ein i praksis ein kort merknad der det gikk fram kva retten hadde lagt vekt på i si avgjerd. Dette vart gjort i alle saker der retten einstemmig fann at saka ikkje kunne føre fram og der avgjerda ikkje hadde noko å seie for avgjerda i andre saker. Bakgrunnen for lovendringa var at Trygderetten i nokre høve har fått kritikk, særleg frå juristhald, for at han ikkje har grunnritt avgjerdene i altfor mange saker. Somme har og vore skeptiske til at det fanst ein lovheimel for ikkje å grunngi klare avslagssaker.

Delen av orskurdar med full grunngeving har auka mykje sidan 2001. I 2001 utgjorde denne delen 27,5 prosent. Han auka til 40,7 prosent i 2003 og til nesten 50 prosent i 2004. Den andre halvparten av sakene fekk forenkla grunngeving. Praksisen i Trygderetten har dermed endra seg mykje - frå at meir enn 70 prosent av

orskurdane ikkje hadde noka grunngeving til at alle saker vert avgjorde med fullstendig eller forenkla grunngeving. Alle saker som blir omgjorde til fordel for den ankande parten, får som før nemnt full grunngeving.

Trygderetten har i 2004 gjennomført fleire tiltak for å betre kvaliteten og koordinere praksisen:

- Vi har gjennomført eit prøveprosjekt der eit fåtal saker er avgjorde etter munnleg forhandling som i dei allmenne domstolane, men i noko enklare form. Jamfør punkt 7.1, der vi har omtalt prosjektet nærmare.
- Det er avsagt fleire prinsipielle orskurdar enn i åra før.
- Vi har gjennomført ei undersøking av årsakene til at uførepensjonssaker blir omgjorde. Jamfør punkt 7.2, der det er gjort nærmare greie for undersøkinga.
- Arbeidet med å finne og systematisere orskurdar som summerer opp praksis på ein god måte, er ført vidare på nye område.
- Trygderetten har gjort ei undersøking av kostnadsnivået i saker med fri rettshjelp for å sjå om timetalet varierar i like saker.

Trygderetten arbeider og medvite for å betre kvaliteten på den interne drifta. Av sentrale tiltak i 2004 kan vi nemne:

- Malane som vi bruker, er gjennomgått for å forenkla og forbetre dei.
- Vi fokuserer kontinuerleg på å sikre ei mest mogeleg optimal fordeling av ressursar avdelingane imellom.
- Det er blitt utvikla ein ny versjon av intranett for å få meir effektiv spreiding av informasjon.
- Vi har fått laga ei eiga doms- og orskurdsamling, som og er publisert på www.trygderetten.no.



Trygdesaker i dei allmenne domstolane

Begge partar har høve til å få prøvd Trygderettens avgjerd i lagmannsretten dersom dei ikkje er nøgde med resultatet. Med få unntak er det den private parten som bringar saka inn for lagmannsretten. Dei siste åra før 2001 var det mellom 10-30 saker per år som vart anka inn for lagmannsretten. Dette talet steig mykje i 2001, da om lag 90 saker vart ført vidare til han. I 2002 og 2003 har talet halde seg omtrent på same nivå, mens vi fekk ein auke att i 2004. Utviklinga bør ein og sjå i samheng med at talet på søksmål mot staten generelt sett har auka betydeleg dei sise åra. Sidan 1998 har det vore ein auke på nærmare 50 prosent, og det er særleg talet på saker på trygde- og utlendingsområdet som har auka mykje.

I løpet av 2004 har Trygderetten fått melding om at det er teke ut stemning i 111 saker som han har avgjort tidlegare. Storparten gjaldt uførepensjon, og dernest yrkesskade. Det vart i 2004 avsagt 25 *dommar*, og i 13 av dei vart staten frifunnen. I 12 saker vart Trygderettens orskurd kjend ugyldig. Trygderetten har og fått opplyst at lagmannsrettane har avsagt 27 *orskurdar* i saker som Trygderetten hadde avgjort tidlegare. I over halvparten av tilfella (15) vart saka heva etter at Trygdeetaten gjorde om vedtaket til gunst for saksøkjaren. I sju tilfelle trekte saksøkjaren saka. To av sakene vart avviste, og i to tilfelle er årsaka til at saka vart heva ikkje oppgitt. Den siste saka gjaldt kjæremål over Trygderettens fastsetjing av salær. Til no er svært få trygdesaker blitt behandla i Høgsterett. I 2004 avsa han to dommar. I den eine saka vart Trygderettens orskurd kjend ugyldig, mens staten vart frifunnen i den andre.

11 ankar er behandla av Høgsteretts kjæremålsutval i 2004, men berre to er tilviste til behandling i Høgsterett. Sakene kjem opp i 2005.

Der er vanskeleg å lese ut av avgjerdene til domstolane at Trygderettens orskurdar ikkje held tilfredsstillande kvalitet. Lagmannsrettane er i svært få saker ueinige i lovforståinga til Trygderetten, men har i somme saker vurdert den konkrete rettsbruken annleis enn han. Dette kan ha samheng med at Lagmannsretten har fått lagt fram nye opplysningar, og at han har utvist eit noko meir liberalt skjønn.

Alt i alt blir Trygderettens orskurdar den endelege avgjerda i meir enn 99 prosent av sakene. Trygderetten følgjer nøye med på utviklinga i dei sakene som går til lagmannsrettane og dei avgjerdene som dei tek. Dei eventuelle konsekvensane for praksis og saksbehandling blir vurderte heile tida.

5.2. Produksjonsmål

Trygderettens mål i 2004 var at

- saksbehandlingstida skal vere så kort som mogeleg, i gjennomsnitt fem månader
- 70 prosent av sakene skal vere behandla innan seks månader
- ingen saker skal ha over 12 månader saksbehandlingstid

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida har vore ganske stabil dei siste tre-fire åra og mykje kortare enn for 10 år sidan, men har auka litt dei siste par åra. For saker som vart avgjorde i 2004, var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida litt over fem månader, med andre ord nesten som målet. Når det

gjeld målet om at 70 prosent av sakene i 2004 skulle vere behandla innan seks månader, viser endelege tal at om lag 63 prosent av sakene var ferdige innan dette tidsrommet. Målet om at alle saker skal vere avgjorde innan 12 månader, vart i praksis nådd. Ved utgangen av 2003 var det tre saker som var over 12 månader. I desse sakene har den ankande parten bede om at saka ikkje skal behandlast i påvente av nye saksopplysningar.

At ikkje alle måla for saksbehandlingstid vart nådde, kjem av stor inngang av saker og auke i talet på orskurdar med fullstendig grunngeving. Det siste har vore sterkt prioritert dei siste åra. Trygderetten meiner at saksbehandlingstida er forsvarleg, sjølv om ei ytterlegare forbetring kunne ha vore ønskjeleg. Målet for 2005 er likevel å halde saksbehandlingstida på det nivået ho har no. Vi prioriterer ikkje ytterlegare forbetring, fordi vi meiner at det er enda viktigare å intensivere arbeidet med kvalitetsutvikling og retningsgivande orskurdar.

Saksbehandlingstida varierer noko frå område til område. For uførepensjonsaker, som utgjorde om lag 42 prosent av sakene, var gjennomsnittleg saksbehandlingstid 4,65 månader. Ingen sakstype hadde i 2004 ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på over seks månader.

5.3. Helse, miljø, tryggleik og personalpolitikk elles

Trygderettens mål er å ha eit fagleg kompetent og motivert personale som skal få høve til å utvide og byggje opp eigen kompetanse. Det skal leggjast vekt på helse, miljø og tryggingarbeid.

Av sentrale aktivitetar i 2003 nemner vi desse:

- Trygderetten vart IA- bedrift 1. mars 2002. Vi følgde opp avtalen i løpet av året og utarbeidde reviderte rutinar for oppfølging av sjukmelde. Det er og halde kurs i oppfølgingssamtalar med sjukmelde for leiarane og dei tillitsvalde.
- Arbeidet med tryggleik for dei tilsette er prioritert, og det vil mellom anna bli montert kortlesarar i bygget i løpet av første halvår 2005.
- Alle tilsette kan nytte trimrommet to gonger i veka i arbeidstida (45 minutt pr. gong). Ein gong i veka er det instruktør til stades.
- Vi har følgd opp tiltak som gjeld brannvern. Mellom anna har vi hatt brannøving og inspeksjon frå brannstellet.
- HMS-planen er revidert i løpet av året.
- Arbeidet med å leggje til rette inngangspartiet for rullestolbrukarar vart ferdig i 2004.
- Alle tilsette er blitt oppmoda om å sikre seg fagleg påfyll i form av kurs og seminar. Dei fleste avdelingane har arrangert internseminar i løpet av året. Arbeidet med ein eigen kompetanseplan er på det nærmaste ferdig.
- Ei eiga bibliotekgruppe har foreslått forbetringar i Trygderettens bibliotek. Arbeidet vil bli følgd opp i 2005.
- Det er halde møte med dei tillitsvalde og med arbeidsmiljøutvalet etter den møteplanen som er fastsett.

Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for saker avgjort i 2004 var om lag 5 månader.

5.4 Informasjon

Trygderetten har som mål å gi god, konsistent og tilstrekkeleg informasjon om verksemda si og dei avgjerdene han tek.

Trygderetten gir seks-åtte gonger i året ut "Innblikk" - ei eiga elektronisk avis på heimesida (www.trygderetten.no). "Innblikk" inneheld samandrag av orskurdar som har allmenn interesse. Advokatar, ankemotpartar, media og andre interesserte kan teikne gratis abonnement og få elektronisk varsel når det kjem ny utgåve. Interesse for dette tilbodet har vore stor. Media gir att somme orskurdar etter kvar utgåve.

Vi har halde kontaktmøte med ankemotpartane i 2004.

Vi arbeider heile tida med å forbetre den interne kommunikasjonen – både ved hjelp av intranett og på annan måte.

**Elektronisk varsel når
ny utgåve av avisa
"Innblikk" kjem ut.**

6. Jamstilling

Trygderetten arbeider aktivt for at kvinner og menn i organisasjonen skal behandlast individuelt uavhengig av kjønn. I stillingsutlysingane ved nytilsetjingar legg vi vekt på å oppmode begge kjønn om å søkje. Eventuelt oppmodar vi spesielt det kjønnet som er i mindretal i stillingskategorien om å søkje.

I dag har Trygderetten i alt 65 prosent kvinner og 35 prosent menn. I leiargruppa er fire menn og to kvinner. Blant rettsmedlemmene er det 60 prosent menn og 40 prosent kvinner, og av rettsfullmektigane er 27 prosent menn og 73 prosent kvinner.

Blant personalet elles (økonomi, personaladministrasjon, arkiv, IT, kontortenerer med meir) er det 80 prosent kvinner og 20 prosent menn. Det er ei utfordring å få fleire menn i denne stillingskategorien, men det er ei klar overvekt av kvinner som søker slike stillingar.

Lønnsnivået innanfor dei ulike stillingskategoriane er det same for kvinner og menn, og alle har same arbeidstid. Det er ein større del kvinner enn menn som er deltidstilsette, men delen er totalt sett liten.



7. Kvalitetsutvikling i Trygderetten

Trygderetten har kvart år ulike tiltak på verksemdsplanen som er knytte til kvalitetsutvikling. Tiltaka er tilpassa saksinngangen og er av både fagleg og administrativt slag. Formålet med tiltaka er å betre kvaliteten på orskurdane og effektivisere og forbetre den interne drifta. I det følgjande gjer vi kort greie for to sentrale faglege aktivitetar i 2004. Det gjeld forsøksprosjektet med munnlege forhandlingar og ei undersøking som gjeld omgjering i uførepensjonssaker.

7.1. Forsøksprosjekt med munnleg saksbehandling

I ei stor brukarundersøking i 2001 gav mange av dei ankande partane som var med på undersøkinga, uttrykk for at dei ynskte munnleg saksbehandling.

På denne bakgrunnen vart det sett ned ei intern arbeidsgruppe i Trygderetten som skulle greie ut om munnleg saksbehandling kunne vere eit supplement til den skriftlege saksbehandlinga. Rapporten til gruppa var ferdig i februar 2003. Arbeidsgruppa rådde til at det vart gjennomført eit forsøk med munnleg saksbehandling i eit avgrensa antal saker. Ho meinte at eit forsøk ville gi nødvendig erfaring for å kunne vurdere kor formålstenleg ein slik arbeidsmåte ville vere, og da som eit supplement til den skriftlege saksbehandlinga. Ho meinte og at Trygderetten kunne fastsetje retningslinjer for munnleg saksbehandling i framtida etter at forsøket var ferdig.


Trygderetten vedtok deretter at det skulle gjennomførast eit forsøk i samsvar med tilrådinga frå arbeidsgruppa.

Det vart oppretta ei prosjektgruppe i

august 2004. Gruppa vart samansett slik at alle fagavdelingane og dei ulike faggruppene i Trygderetten var representerte. Ho var samansett av to juridisk kunnige dommarar, ein attføringskunnig dommar, ein medisinsk kunnig dommar og tre rettsfullmektigar.

Prosjektgruppa har avgjort kva ankesaker som skulle vere med i forsøket. Medlemmene i prosjektgruppa har vore dommarar i desse sakene. Gruppa har lagt retningslinjer for saksførebuinga og for korleis forhandlingsmøtet skal gjennomførast. Ho har utforma og gjennomført ei brukarundersøking for å kartleggje korleis partane oppfattar den munnlege saksbehandlinga. Vi har registrert den tida som er brukt på den einskilde ankesaka for å kunne berekne meirkostnadene ved den munnlege saksbehandlinga.

Vi tok først sikte på å gjennomføre forsøksordninga i løpet av 2004 og evaluere forsøket i løpet av første kvartal 2005. Prosjektperioden er seinare blitt forlengd. Vi har teke med 10 saker. Da vi vurderte om ei sak skulle vere med eller ikkje, tok vi omsyn til fleire moment. Det gjaldt for eksempel om det var kravd munnleg saksbehandling, sakstype, omsynet til korleis saka var opplyst, verdien av saka og kva ho har å seie for den ankande parten. Kostnaden for eit forhandlingsmøte, om parten var representert ved prosessfullmektig, om det var nødvendig med vitneførsel, om utfallet av saka var heilt opplagt og omsynet til korleis sakene som var med i forsøksordningane var samansette vart og tillagd vekt. Vi har sett utvalet av saker saman slik at vi skulle få så brei erfaring som mogeleg med munnleg saksbehandling. Det er teke med saker der den ankande parten prosederer sjølv, og saker der ein advokat eller ein



rettshjelpar representerer den ankande parten. Vi har og saker med og utan vitneførsel. Vi har halde forhandlingsmøte av ulikt omfang. I ei sak er retten sett med fem medlemmer og begge partar representerte ved advokatar.

Ni av sakene som er med i forsøket, vart behandla i 2004. Den siste saka kjem opp i slutten av april 2005. Vi kan først avslutte forsøket etter at denne saka er avgjort og forsøket er ferdig evaluert.

7.2. Årsaker til omgjering av uførepensjonssaker

Ein stor del av sakene i Trygderetten gjeld uførepensjon. Avgjerdene vil ofte vere utprega skjønnsmessige, og det har lenge vore interesse for å klarleggje årsakene til at Trygderetten gjer om Trygdeetatens vedtak heilt eller delvis. Leiaren i Trygderetten sette derfor i gang eit prosjekt for å kartleggje årsakene. Ein prosjektleiar og ei referansegruppe stod for gjennomføringa av prosjektet. Prosjektleiaren vart engasjert av Trygderetten for å gjennomføre undersøkinga og skrive rapporten, og fekk oppnemnt ei referansegruppe som skulle støtte han i arbeidet. Med i referansegruppa var det to juridisk kunnige rettsmedlemmer, medisinsk- og attføringskunnige rettsmedlemmer og ein juridisk professor frå Universitetet i

Oslo. Innhaldet i rapporten og vurderingane der står for så vidt for prosjektleiaren si eiga rekning.

Undersøkinga vart gjennomført på den måten at ein tok for seg uførepensjonssaker som vart omgjorde heilt eller delvis i 2003. Opphevingar og nokre forhold som hadde mest med berekningar å gjere, vart haldne utanfor. Utvalet bestod av 286 saker.

Hovudårsaka til omgjeringane ser ut til å vere at Trygderetten og Trygdeetaten har ulik forståing av vilkåra for attføring. Ei anna årsak til ulikt syn var vurderinga av inntektsevna. Dette heng ofte saman med ulik forståing av vilkåra for attføring og behandling, og av kva som er hovudårsaka til arbeidsuførleik. Det ser ut til at Trygderetten har lettare enn Trygdeetaten for å godkjenne at vilkåra for å ha rett til uførepensjon er oppfylte i dei tilfella attføring eller behandling kan sjå ut til å ha svært små sjansar for å betre inntektsevna nemneverdig. Trygdeetaten stiller altså strengare krav. Frå 1. januar 2005 er kravet til at søkjarane skal ha gjennomgått attføring blitt skjerpa, med di folketrygdlova paragraf 12-5 er endra.

Rapporten kjem til å danne grunnlag for diskusjonar og nærmare vurderingar i Trygderetten i lys av målet om god koordinering av praksis. Han vil elles bli send til Arbeids- og sosialdepartementet og Rikstrygdeverket, og bli lagt ut på Trygderettens heimeside.



8. Blikk på saksbunken

Trygderetten avsa i 2004 5 730 orskurdar. Vi har i det følgjande plukka ut og gitt eit samandrag av 24 saker. Det er derfor eit svært avgrensa utval som er teke med. Orskurdar der retten har vore sett med fem medlemmer, er tekne med. Vi reknar med at også dei andre sakene har ei viss prinsipiell interesse i tillegg til at dei er eksempel på kva sakstypar Trygderetten behandlar.

Rettar sette med fem medlemmer

BARNETRYGD

Kjennelse av 23. januar 2004. Ankesak nr. 03/04374. btrl. § 2. Barnetrygd - utvidet barnetrygd. Saksforhold der en konkret vurdering tilsa at rett til utvidet stønad forelå, selv om foreldrene ikke hadde flyttet fra hverandre.

Vedkommende fikk separasjon ved bevilning i februar 2002. Ektefellen flyttet først ut av felles bolig drøyt sju måneder etter bevilning for separasjon var gitt. Hun fikk da ikke rett til utvidet barnetrygdstønad på grunnlag av bevilningen, men først etter 6 måneders faktisk separasjon. Dette i samsvar med Rikstrygdeverkets retningslinjer.

Retten viste til at retningslinjene i utgangspunktet ga et godt grunnlag for vurdering av slike tilfeller, men at det likevel måtte skje en konkret vurdering. Her hadde ektefellen motsatt seg utflytting, på grunn av mye fravær i forbindelse med pendling hadde han brukt lang tid på å skaffe seg egen bolig og vedkommende var frarådet å be om politiets bistand.

Fylkestyrygdekontoret hadde ikke bestridt hennes anførsler, men bare vist til at det var gått mer enn 6 måneder. Retten fant – etter en konkret vurdering – at det ville være urimelig å av-

stenge henne fra retten til utvidet barnetrygdstønad i ytterligere 6 måneder. Omgjøring.

Kjennelse av 30. juli 2004. Ankesak nr. 04/00369. Barnetrygd. Barnetrygd under utenlandsopphold. Bortfall av stønadsrett og krav om tilbakebetaling. Foreldelse; i utgangspunktet løp det tilleggsfrist etter foreldelsesloven § 10 når flytting ikke var meldt.

Anke fra mor til fem barn over vedtak om opphør av barnetrygd 8 år tilbake i tid, samt over vedtak om tilbakekreving. Retten fant det klart at hun og barna hadde oppholdt seg i utlandet i over 6 måneder pr år, og derfor ikke kunne anses som "bosatt i riket".

Oppholdet kunne ikke karakteriseres som midlertidig, og retten fant med støtte i ankesak nr 87/00306, at det da ikke forelå "særlige grunner" for å gjøre unntak fra vilkåret om bosetting i riket. Vedtaket om opphør måtte da stadfestes. Det måtte videre anses uaktomt at det ikke var meldt fra til trygdekontoret om utflyttingen. Retten fant at foreldelsesloven § 10 i utgangspunktet kom til anvendelse. Det ble lagt vekt på at familien hele tiden var registrert bosatt i Norge, og at trygdekontoret derfor ikke hadde noen oppfordring til å kontrollere saken. Retten viste til ankesak nr 96/01715, og la til grunn at ettårsfristen i § 10 begynte å løpe fra det tidspunkt trygdekontoret ble oppmerksom på at det kunne foreligge en feilutbetaling. I dette tilfellet var fristen da oversittet med 2 måneder. Foreldelse inntrådte da etter 3 år, jf. den ordinære foreldelsesfristen § 2.

Retten omgjorde på dette grunnlag tilbakebetalingsvedtaket, slik at det som var foreldet ikke ble tilbakekrevd.

HJELPEMIDDEL

Kjennelse av 12. mars 2004. Ankesak nr. 03/01772. ftrl § 10-7. Ytelser under medisinsk rehabilitering - stønadsformer. Hjelpemiddel - spesialsykkel - for styrking av funksjon i beina- "femmedlemskjennelse."

Krav om stønad til Thera Fit Plus benesykkel fra 58 år gammel mann med MS. Han var rullestolbruker og hadde sterkt redusert kraft i beina.

Hjelpemiddelet bedret og holdt ved like mannens funksjon i beina, motvirket tiltagende plager og forhindret mulig institusjonsinnleggelse.

Rikstrygdeverket påberopte at det ikke var hjemmel for å gi stønad til å dekke det omsøkte hjelpemiddelet. Etter en omfattende gjennomgang av regelverkets historikk og bakgrunn delte retten seg i et flertall og et mindretall. Flertallet mente i likhet med RTV at det ikke var hjemmel i regelverket for å gi stønad til dette hjelpemiddelet, jfr. ftrl. § 10-7 og hjelpemiddelforskriften. Det dreide seg om et behandlingshjelpemiddel, hvor RTV var gitt myndighet til å fastsette en uttømmende liste over hvilke stønadsberettigende hjelpemidler som omfattes av stønadsordningen. Det aktuelle hjelpemiddel var ikke omfattet av denne oppregningen, og flertallet mente at Trygderetten ikke hadde adgang til å gjøre unntak fra denne. Flertallet påpekte imidlertid at RTV hadde oppfordring til å gå gjennom listen da oppregningen kunne synes noe tilfeldig. Mindretallet på to gikk inn for å gjøre om RTVs vedtak og tilstå stønad. De mente at regelverket ikke satte konkrete begrensninger som utelukket det omsøkte hjelpemiddelet når formålet var å hindre institusjonsinnleggelse. Etter avstemning, tre mot to, ble RTVs avslag opprettholdt.

YRKESKADE OG LÆKJEMIDLAR

Kjennelse av 17. september 2004. Ankesaknr. 03/05000. ftrl § 5-25.

Stønad ved yrkesskade.

Femmedlemskjennelse. Bestemmelsene om yrkesskadedekning ved helsetjenester gir ikke pålegg til trygdeforvaltningen om å dekke utgifter til andre legemidler enn dem som kan dekkes uavhengig av yrkesskade.

